



Så stor var oppslutnaden om Hobbyklubben i siste sesong. Kor stor blir den i den nye sesongen? (Foto: Grenda)

Hobbyklubben i Bedehuset i Uskedalen er klar for ein ny sesong og starten skjer måndag 1. september, opplyser leiar Tore Mathiesen til uskedalen.no. Siste sesong hadde klubben stor oppslutnad med rundt 30 interesserte.

I sesongen som no startar blir det fem grupper: Bilgruppe leia av Rune Hjørnevåg, flygruppe leia av Erlend Moen. Avisgruppe leia av Britt Torill Mathiesen og Ola Matti Mathisen, hobbygruppe leia av Oddbjørg Heimark og miljøgruppe leia av Jon Harald Kjærland og Tore Mathiesen.

Målsettinga for avisgruppa er i første omgang å lage eit fyldig nummer av Uskedalsposten til jul. Miljøgruppa vil sysle med litt av kvart, mellom anna bordtennis og bilbane, medan hobbygruppa er ope for kreative innspel og forslag.

- Dei reknar vi med kjem i tur og orden når vi møtest første gong på måndagskvelden, seier Tore Mathiesen.

Som tidlegare er det klubbkveldar annankvar måndag og det blir juleavslutning 8. desember.

Oddbjørg Heimark får som i fjor ei kombinert rolle på bedehuset: Ho skal leie undervisninga av konfirmantane frå Uskedalen som går føre seg her i bygda også dette året. I år var det rekordstort kull 'i nyare tid' med 25 konfirmantar, men neste år blir det berre 9.